



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Arnafjord Settefisk AS
6893 VIK I SOGN

Vår dato: 03 OKT 2011

Vår ref.: NVE 200703757-5 rv/ias

Arkiv: 313 /070

Dykkar dato: 07.03.2007

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Ivar Sægrov

57 83 36 72

Arnafjord settefisk AS - Avslag på søknad om løyve til auka vassuttak frå Breifossa og Sleipo og pålegg om fjerning av fiskesperre Sleipovassdraget.

Vi viser til søknaden dykkar datert 07.03.2007 om utviding av settefiskanlegget i SF/VK II i Arnafjord for produksjon sjødyktig settefisk frå 1 mill. stk til 2,5 mill. stk. Det er også søkt om konsesjon etter vassressurslova § 8 for auka vassuttak og stenging for oppgang av sjøfisk til elvestrekkjer oppstrøms vassinntaka i Breifossa og Sleipo. Maksimalt vassuttak er planlagt til 34 m³/min.

NVE meiner at vassressursen i Sleipovassdraget, i periodar av einskilde år, ikkje vil vere tilstrekkeleg til å sikre krav om minstevassføring forbi inntaka og forsvarleg drift ved planlagt utviding av settefiskanlegget innafor ramma av dei vassparande tiltak som er skissert i søknaden. NVE finn at skade og ulemper for allmenne og private interesser ved å utvide vassuttak frå vassdraget vil vere større enn den nytte tiltaket vil gje slik at kravet i vassressurslova § 25 ikkje er oppfylt. NVE gjev difor ikkje løyve til auka vassuttak frå Breifossa og Sleipo.

Det blir heller ikkje gjeve løyve til å halde vassdraget stengt for oppgang av anadrom fisk. Fiskesperra skal fjernast innan 30.06.2013.

Bakgrunn/vurderingsgrunnlag

Marine Harvest AS (Pan Fish Norway) har 07.03.2007 søkt om utviding av settefiskanlegget etter akvakulturlova samt auka vassuttak og stenging for oppgang av sjøfisk etter § 8 i vassressursloven. I ettertid har konsulent for søkjar informert om at Skarshaug Invest AS no har overteke som nye eigarar av anlegget, og Arnafjord settefisk AS skal nå stå som søkjar for konsesjonssøknaden.

Vi refererar følgjande frå søknaden:

"Pan Fish Norway AS er fusjonert med Marine Harvest Norway AS. Dette er også det nye konsernet sitt navn, men overføring av konsesjonar til det nye selskapet er juridisk sett enno

E-post: nve@nve.no, Internett: www.nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Telefaks: 22 95 90 00

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Drammensveien 211
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER
Telefon: 72 89 65 50

Region Nord

Kongens gate 14-18
Postboks 394
8505 NARVIK
Telefon: 76 92 33 50

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG
Telefon: 33 37 23 00

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE
Telefon: 57 83 36 50

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR
Telefon: 62 53 63 50

ikkje på plass. Pan Fish Norway AS søker difor med dette om utviding av settefiskkonsesjonen frå 1,0 til 2,5 millioner sjødyktig settefisk årleg.

Det har vore drive settefiskproduksjon i Indrefjord (Tenne) i Vik kommune sidan 1986 med ein konsesjonsstorleik på 1 mill sjødyktig settefisk. Utvidinga er planlagt i tilknytning til eksisterande anlegg. Utvidinga omfattar ein årleg biologisk produksjon (levert fisk pluss utsortert fisk og daud fisk) på maksimalt 210 tonn og eit tilhøyrande forbruk på maksimalt 250 tonn.

Anlegget har elveinntak i Breifoss og Sleipo og søker om løyve til stenging for å hindre oppvandring av sjøfisk oppstrøms vassinntaka. Det vert og søkt om vassuttak på inntil 34 m³/min. I tørre periodar vil anlegget nytte vasssparande tiltak på anlegget. Anlegget har sitt utslepp i Indrefjorden.

Rådgivende Biologer AS har utarbeidd naudsynt dokumentasjon til søknaden i rapport 909. Denne rapporten har vore sendt NVE for vurdering, og søknaden vert også lyst ut samstundes med tanke på vurdering av konsesjonsplikt etter Vassressurslovas §8."

Vi refererer vidare frå rapporten utarbeida av **Rådgjevande Biologer AS**:

"Vanninntak

Vanninntaket består av to elveinntak fra elvene Breifoss og Sleipo der vannet på hvert sted kan taes fra et basseng eller direkte fra elven. Kapasiteten på disse to inntakene er på 20 m³/min. I tillegg kan vann taes fra 4 grunnvannspumper med en samlet kapasitet på 3,5 m³/min. UV-behandlet sjøvann benyttes til bufring av ferskvannet. Sjøvann kan også benyttes til varmevekslerne. Sjøvann benyttes ikke direkte i smoltproduksjonen, men en samlet pumpekapasitet på 12 m³/min tilsier at dette kan benyttes ved knapp tilgang på ferskvann.

Vanninntaket til Sleipovassdraget (NVE vassdragsnummer 070.51 Z) har et nedbørfelt på 18 km². Basert på NVEs vannføringsstatistikk fra nærliggende målestasjon i Myrdalselven for årene 1971 - 2005, er gjennomsnittlig vannføring beregnet å være nesten 80 m³/min. Nedbørfeltet er for det meste høytliggende (over 800 moh), med høyest vannføring i perioden mai -juli (opp mot 210 m³/min) og lavest vannføring i februar og mars (vel 20 m³/min).

Planlagt vannbruk i det omsøkte anlegget vil være ca 10 m³/min i perioden januar - mars og størst i august og september med henholdsvis 21,4 og 33,6 m³/min. I forhold til gjennomsnittlig avrenningen utgjør dette 50 % i mars og 36 % i september. Høyest andel av avrenningen vil bli brukt vinterstid, og på grunn av at nedbørfeltet ligger høyt, vil risiko for konflikt mellom avrenning og vannbehov være størst vinterstid. Anlegget har ikke magasinkapasitet og er avhengig av den aktuelle tilrenningen hver dag. Basert på målinger av døgnvannføring i nærliggende felt Myrdalselven for perioden 1971 - 2005 er det 46 % sannsynlig med døgnvannføring under 10 m³/min i perioden januar - mars og 19 % sannsynlig med døgnvannføring under 30 m³/min i perioden juli - september. For å sikre nok vann til settefiskproduksjon må anlegget ha vannsparende tiltak. Mulige tiltak på anlegget er bruk av sjøvann på all fisk over 50 gram, forsere produksjonen av 0- og ettåring, tilleggsoksygenering og CO2-luftere på hvert utekar.

Laks og sjøaure

Vassdraget er i følge fiskeforvalteren hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ikke lakseførende, men har en registrert bestand av sjøaure kategorisert som 4a (Eyvin Søltnæs). Dette betyr at bestanden antas å være "redusert på grunn av redusert ungfiskbestand". Lave temperaturer i

vassdraget på forsommeren gjør elven lite gunstig for laks, og et svært begrenset areal for produksjon av fisk ved lave vannføringer er mulig årsak til at elven ikke har en bestand av sjøaure.

Elven renner jevnt fra samløpet og ned til sjøen med ett fall på 4 %. I Sleipo og i Breifoss er det et fall på ca 6 % mellom inntakene og samløpet. Det er ingen betydelige vandringshinder for oppvandrende laksefisk nedenfor inntakene. Substratet i elvene er grovt, uten begroing. Det finnes små områder med finere substrat som gir gytemuligheter. Det ble gjennomført elektrofiske i elven den 8. mai 2006, vannføringen var litt over normal, og strømmen varierte fra middels til stri, men store deler av elven kunne avfiskes med metoden. Nedenfor veibroen i Tenneselva ble et område på ca 300 m² elektrofisket. Det ble fanget to fisker på dette området. Begge var aure, på henholdsvis 10,8 cm og 11,2 cm, den største var relativt blank og skulle mest sannsynlig gå ut som smolt i 2006. I Sleipo ble et område på 50 m² elektrofisket uten at det ble fanget fisk, og i Breifoss ble et området på 40 m² elektrofisket. Heller ikke her ble det fanget fisk. Samlet indikerer dette svært lav tetthet av fisk i elven, og det kan ikke sies å være en egen bestand av sjøaure i vassdraget. Med en gjennomsnittlig vannføring på 1,3 m³/s, vil en slik elv ved normale produksjonsbetingelser kunne produsere opp mot 34 "presmolt"/100 m². Dette er basert på en erfaringsmodell fra Vestlandsvassdrag, der smoltproduksjon i stor grad avhenger av vassdragets vannføring (Sægrov mfl. 2001). En livskraftig bestand skal være av en størrelse slik at den kan produsere minst 1000 smolt årlig, og nedenfor inntakene er det i dag nok areal til å opprettholde en slik sjøaurebestand med over 1700 smolt årlig ved normale produksjonsbetingelser. Det foreligger imidlertid ingen opplysninger som tilsier at dette var tilfellet tidligere.

Elektrofisket indikerer en betydelig lavere tetthet av aure i elven enn det en kan forvente ved normale produksjonsbetingelser, noe som stemmer overens med fylkesmannens oversikt. Dersom fangbarheten ved elektrofiske var 10- 50 %, noe som normalt er lavt for fisk av smoltstørrelse, kan en anslå at det er en smoltproduksjon på mellom 50 og 250 smolt per år, noe som ikke er tilstrekkelig til å opprettholde en egen sjøaurebestand i elven. Mye av årsaken til dette kan være at elven ligger på en morene ned mot sjøen, slik at vanndekningen blir svært liten ved lave vannføringer. Ifølge kalkingsplan for Vik fra 1996 (Hellen & Bjørklund 1998) hadde Sleipa en periodevis lav, men variabel pH, mens Breifoss hadde høye og "gode" pH-verdier. Samtidig er det rapportert om gode aurebestander i begge de store innsjøene oppe i Sleipa-vassdraget, så det er lite sannsynlig at reduksjonene i fiskebestandene kan skyldes forsurening. Den lave tettheten av fisk kan derfor antas å ha sammenheng med tidvis svært lav vannføring i elven, men også periodiske lav temperatur om vår og forsommer.

Anlegget ligger innenfor grensene til den delen av Sognefjorden som er vernet som Nasjonal laksefjord. Det gis tillatelser til nyetablering og utvidelse av settefiskanlegg i nasjonale laksefjorder. Settefiskanleggene vil, i henhold til nytt forslag til forskrift, pålegges dobbel sikring på avløp for å redusere risiko for rømming og sykdomsspredning.

Høyringsfråsegner

Søknaden er offentlig utlyst i høve til akvakulturlova og vassressurslova.

Vik kommune tilrår i si uttale, datert 10.09.2007, at Arnafjord Settefisk AS får konsesjon som omsøkt.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane uttalte i brev datert 07.07.2010 følgende:

"Fylkesmannen vurderer at tiltaket er til skade for allmenne interesser jf. vassressurslova § 8. Vi vurderar også at tiltaket ikkje kan sameinast med dei naturverdiane som ligg i området og at tiltaket difor er i strid med prinsippa i naturmangfaldlova §§ 4 og 5. Fylkesmannen rår i frå at det vert gjeve løyve til større vassuttak i Sleipo og Breifossa og at vassdraga vert stengde for oppgang av sjøaure.

Ei vidare drift av anlegget må ha løyve etter vassressurslova. Det må setjast klåre vilkår til drift av anlegget og krav til minstevassføring i Breifossa og Sleipo. Kunstige vandringshinder bør utbetrast slik at fisk kan passere.

Bakgrunn

Det er søkt om å få utvide settefiskproduksjonen i Indrefjorden i Vik frå dagens produksjon på 1 mill til framtidig 2,5 mill stk sjødyktig settefisk pr. år. Fylkesmannen har tidlegare handsama søknaden etter ureiningslova, jf. løyve med oversendingsbrev dagsett 17.09.2009.

Søknaden gjeld vassuttak frå to elvar, Breifossa og Sleipo og 4 grunnvasspumper. Vidare er det søkt om å få stenge for oppgang av fisk like nedstraums vassinntaka i Breifossa og Sleipo. I følgje søknaden er samla nedbørsfelt for dei to elvane på 18 km² ovanfor inntaka.

Middelvassføringa ved utløp til sjø er rekna til knappe 80 m³/min (1,31 m³/s), med høgst vassføring i juni som er opp mot 210 m³/min (3,5 m³/s), og lågast vassføring i februar og mars på vel 20 m³/min (0,333 m³/s).

Det er søkt om samla maksimalt uttak av vatn frå elvane på 34 m³/min (0,567 m³/s). Dette vil periodar turrleggje dei to elvane frå inntaket på ca kote 20. Planlagt vassbruk i anlegget vil vere ca 10 m³/min (0,167 m³/s) i perioden januar – mars, 21,4 m³/min (0,357 m³/s) i august og 33,6 m³/min (0,560 m³/s) i september. Rådgivende Biologer har rekna ut at det er 46 % sannsynleg at det blir for lite tilrenning i januar-mars, og minst 19 % sannsynleg for tilsvarande i juli-september. Dagens kapasiteten i inntaka er på 20 m³/min (ca 0,333 m³/s). Grunnvasspumpene har ein samla kapasitet på 3,5 m³/min (dvs. ca 58 l/s). Anlegget vart starta opp for 20 år sidan.

Vassdraget er ikkje lakseførande, men har ein registrert sjøaurebestand kategorisert som 4a (reduisert på grunn av reduisert ungfiskbestand). Rådgivende Biologer har undersøkt vassdraget, jf. rapport 909: "Elektrofiske på anadrom elvestrekning viste at det var svært lav tetthet av aureunger, og det ble ikke fanget laks. Vassdraget har i dag ikke tilstrekkelig ungfisk- eller smoltproduksjon til å opprettholde en egen bestand. Vassdragets nedre deler ligger på et morenedelta, slik at elven har svært liten vanndekning ved lave vannføringer. Dette medfører at det i dag ikke er noen egen bestand av sjøaure. Det er sannsynligvis mulig for sjøfisk å vandre opp forbi begge inntakene. Av helsemessige hensyn for anlegget må en derfor sørge for å stenge for oppvandring forbi vanninntakene. Anlegget ligger i en Nasjonal lakseffjord for villaks, og en må sikre mot rømming av fisk via avløpet."

Vurdering

Fylkesmannen skal vurdere saka i høve til allmenne interesser, jf. § 8 i vassressurslova. Dette omfattar tema som naturmiljø (m.a. landskap, biologisk mangfald, inngrepsfrie naturområde, fisk) og friluftsliv. NVE har avgjerdsrett etter vassressurslova. Vidare vurderer vi meldingar og søknadar i høve til lakse- og innlandsfiskelova og ureiningslova. Prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova skal leggjast til grunn ved handsaming og vurderingar/avgjerder etter særlovene. Forvaltningsmål for naturtypar § 4 og artar § 5 skal ivaretakast. Føre-var prinsippet

skal nyttast der negative effektar kan påreknast i nokon grad, og det er viktig å vurdere summen av mange små inngrep i eit større perspektiv.

Dei negative konsekvensane av vassuttaket er i all hovudsak knytt til livet i elva og deltaet der elva går ut i sjøen, jf. vår uttale datert 18.12.2008. I følgje opplysningar frå Rådgivende Biologer er det til saman 830 m/6610 m² elv som i utgangspunktet er anadromt område, der 250 m/1500 m² ligg oppstraums vassinntaka til settefiskanlegget. Storleiken på arealet er ikkje avgrensande for at det kan vere god produksjon av sjøaure i vassdraget. Rådgivende Biologer trur at liten vassdekking (lite vatn/grovt substrat) og låg temperatur delar av året kan vere grunn til at smoltproduksjonen er svært låg. Også dagens vassuttak påverkar i stor grad den naturlege fiskeproduksjon i elva. Rådgivende Biologer seier lite om gyte- og oppvekstforholda over vassinntaka, og det er ikkje vurdert om avbøtande tiltak som tersklar eller djupål kan betre tilhøva for anadrom fisk. Prøvefiske vart elles utført på eit tidspunkt med mykje vatn i elva, noko som gjer det vanskeleg å få tak i fisken. Det er difor sannsynleg at det er ein del meir fisk i elva enn det som vart fanga.

Det er søkt om å få ta alt vatnet frå elva til settefiskproduksjon i delar av året. Det er ikkje i tråd med dagens vassdragsforvaltning å turrleggje vassdrag. Dette er eit anadromt vassdrag, der produksjonspotensialet truleg allereie er drastisk redusert pga vassuttaket.

Ytterlegare vassuttak vil utrydde sjøauren og anna biologisk mangfald i elva. Det er heller ikkje grunnlag for å gje løyve til å sperre vassdraget for oppgang. Kan hende bør det heller leggst betre til rette for oppgang dersom dei øvre partia av elva har brukbare forhold for gyting og oppvekst. Sikring av sjukdomssmitte frå villfisk kan gjerast på andre måtar.

Sognefjorden har status som nasjonal laksefjord, og alle inngrep på anadrome strekningar i sikringssonene må rette seg etter dette. For å halde fram med dagens vassuttak bør det vurderast om habitatfremjande tiltak i elva kan gje auka produksjon av sjøaure. Dette kan vere tersklar, fisketrapp osv. Sjølv om elva per i dag ikkje produserar 1000 utvandrande smolt, gjev elva likevel eit bidrag til den samla sjøaureproduksjonen i Sognefjorden. Fangsten av sjøaure har dei seinare åra gått kraftig attende. Det er fleire grunnar til dette, men sjøauren er i mykje større grad enn laksen basert på dei mindre elvane og summefekten av inngrep i desse vil vere eit bidrag til reduksjon og restriksjonar på fiske. I tillegg til sjøaure er det mange andre dyr, plantar, fuglar osv. som har heile eller delar av livssyklusen tett knytt opp mot elva. Det må sleppast ei minstevassføring heile året med større vassføring om sommaren. Søknaden gjev lite grunnlag for å vurdere kor stor vassføring som bør sleppast for å ta vare på fiskeinteresser og biologisk mangfald knytt til elva. Det er for eksempel ikkje oppgjeve 5- persentilar. Krav til minstevassføring bør sjåast i samanheng med kva forbetringar som kan gjerast med habitatfremjande tiltak.

Konklusjon

Fylkesmannen er kritisk til dei inngrepa som allereie er gjort i samband med vassuttak og drift av settefiskanlegget. Fylkesmannen vurderar at ytterlegare vassuttak er i strid med allmenne interesser, jf. vassressurslova, målet om god økologisk status i vassdirektivet og prinsippa i naturmangfaldlova om føre-var og sumeffektar. Det må sikrast ei minstevassføring for å ta vare på sjøauren og biologisk mangfald i vassdraget."

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader

Marine Harverst Norway AS var eigar av anlegget i Arnafjord etter ein fusjon med Pan Fish Norway AS. I sluttfasen for handsaming av saka er det opplyst at eigar av anlegget no er C/O Skarshaug Invest A/S, 6487 Harøy og at ein konsejjon vert å gje til selskapet Arnafjord settefisk AS.

Søknaden gjeld utviding av settefiskkonsesjonen frå 1,0 til 2,5 millioner sjødyktig settefisk årleg og turvande uttak av vatn frå dei to elvane, uttak av grunnvatn samt stenging av vassdraget for oppgang av anadrom fisk.

Det har vore drive settefiskproduksjon i Indrefjord (Tenne) i Vik kommune sidan 1986 med ein konsesjonsstorleik på 1 mill. sjødyktig settefisk. Utvidinga er planlagd i tilknytning til eksisterande anlegg.

Anlegget har elveinntak i Breifossa og Sleipo. Det vert søkt om auka vassuttak samt løyve til stenging av elvane for å hindre oppvandring av anadrom fisk til elvestrekkja oppstrøms vassinntaka. Det vert søkt om eit samla vassuttak på inntil 34 m³/min. Kapasiteten på dei to eksisterande inntaka er samla på 20 m³/min. I tillegg kan det hentast vatn frå 4 grunnvasspumper med ein samla kapasitet på 3,5 m³/min. UV-behandla sjøvatn blir nytta til bufring av ferskvatn. Sjøvatn kan også nyttast til varmevekslarar. Sjøvatn blir ikkje nytta direkte i smoltproduksjonen, men ein samla pumpekapasitet på 12 m³/min tilsier at dette kan nyttast ved knapp tilgang på ferskvatn.

Ved vassinntaka i Sleipovassdraget (NVE vassdragsnummer 070.51 Z) er samla nedbørfelt på 18 km². Basert på vassføringsstatistikk frå nærliggjande målestasjon i Myrkdalselven for åra 1971 - 2005, er gjennomsnittlig vassføring utrekna til å være nesten 80 m³/min. Nedbørfeltet er for det meste høgtliggjande (over 800 moh), med tilsig i perioden mai - juli (opp mot 210 m³/min) og lågast vassføring i februar og mars (vel 20 m³/min).

Planlagt vassbruk i det omsøkte anlegget vil vere ca. 10 m³/min i perioden januar - mars og inntil 34 m³/min i august. I tørre periodar planlegg anlegget å nytte vassparande tiltak. I eit gjennomsnittssår vil dette bety at ein nyttar størst andel av tilrenninga i februar og mars med mellom 40 og 50 % og i august til september med vel 30 %. Anlegget vil derfor i slike år ha tilstrekkelig med vatn til sine produksjonstopper ved normal avrenning og ved bruk av oksygentilsetting til 200 % metning.

Sidan anlegget har elveinntak, vil det oppstå situasjonar der det vil være knapt med vatn. Slike situasjonar vil spesielt oppstå om vinteren, og med ein planlagt biomasse i anlegget på rundt 100 tonn i perioden januar - mars vil det periodevis kunne bli eit relativt stort avvik mellom vassbehov og vassstilgang. Etter dei opplysningar som ligg føre vil anlegget i slike situasjonar ha ei krisehandtering der foring av fisken blir redusert eller stoppa helt samt at det blir nytta karlufting og individuell oksygentilsetting i kvart kar.

Det blir i søknaden vist til at i slike situasjonar vil det være tilstrekkeleg med eit vassinntak på 0,02 l/min/kg fisk, også fordi temperaturen på inntaksvatnet er låg samt at ein stopp i foringa vil medvirke til at fisken går over på basalmetabolisme.

Med ei biomasse på 100 tonn i anlegget vil behovet for nytt vatn bli ca. 2000 l/min. Det er rekna med at ei døgnvassføring på under 2 m³/min i perioden januar - mars som eit gjennomsnitt berre vil oppstå kvart 25. år.

NVE si vurdering

Auka vassuttak

NVE ser at planlagt utvida produksjon i settefiskeanlegget vil nytte ein større del av den samla vassressursen i dei to elvane. Spesielt vil dette kunne gje utslag for restvassføringa i periodar med tilsig på nivå med midlare og låge vassføringar i vassdraget. Det er likevel slik at settefiskanlegget har vore i drift over ein periode på mange år. I periodar med lite tilsig har anlegget, slik NVE oppfattar det, nytta ein vesentleg del av tilsiget.

Det etablerte settefiskanlegget har ikkje hatt noko særskilt løyve etter vassdragslovgivinga for uttak av vatn og såleis heller ikkje vilkår om slepp av minstevassføring. Slik NVE vurderer informasjonen som ligg føre, kan det vere noko uklart om uttaket av vatn i periodar har vore slik at heile tilsiget ved inntakspunktet i dei to elvane har blitt nytta. Vi har likevel merka oss at det er noko fisk i vassdraget i dag, slik at elva i hvert fall har ein viss verdi. Dersom auka vassuttak medfører tørlegging av elva på strekninga frå inntaket og ned til sjøen (anadrom strekning) er dette etter NVE si vurdering ikkje akseptabelt. NVE legg difor til grunn at dersom det vert gjeve eit løyve så må det samtidig fastsettast krav om minstevassføring forbi inntaka. I følge vedlagt rapport til søknaden om blant anna sjøaure, er substratet i elva betekna som grovt og slipp av minstevassføring som avbøtande tiltak for sjøaure, vil ikkje vere foreneleg med drift av settefiskanlegget. Det er i rapporten ikkje dokumentert at elva har nokon "livskraftig bestand" av anadrom fisk, og det er heller ikkje fokusert på at den aktuelle elvstrekkinga har spesielt gunstige naturlege vilkår for at ein slik bestand kan bli etablert. Sjølv om elva ikkje har ein livskraftig bestand av sjøaure kan dette likevel vere eit viktig bidrag til bestanden i fjordsystemet i ein region der sjøauren er i kraftig tilbakegang.

NVE ser det slik at sjølv om elvesubstrat og falltilhøve i dei to elvane set klare avgrensingar for produksjon av fisk og ev. utøving av fiske, er det eit viktig mål å sikre at levetilhøva for fisk blir vektlagt gjennom eit vassføringsregime som hindrar tørlegging. Det er i søknaden vist til at elvstrekkingene nedstrøms inntaka har nok areal til å halde oppe ein liten, men livskraftig sjøaurebestand. Tilhøva er likevel ikkje slik no og har heller ikke vore det dei siste 20 åra som fiskeanlegget har teke vatn fra elva. Fjerning av fiskesperra vil opne for at fisk kan vandre opp forbi inntaket til settefiskanlegget og dermed auke grunnlaget for ein livskraftig bestand i vassdraget. Det er lite informasjon om tilstanden for anadrom fisk i vassdraget før 1986, men både botnsubstrat i elveleiet, falltilhøva og omfang av kulpar, peikar i retning av at bestanden av fisk har hatt avgrensa storleik. Substratet i elvbotnen er relativt grovt og lite tilsig om vinteren kan truleg i einskilde år medføre at elvstrekkinga blir tørrlagd med det vassuttaket som er etablert for eksisterande anlegg. Om det skal sikrast ei minstevassføring som hindrar tørlegging, må det truleg i slike lågvassperiodar sleppast så mykje vatn forbi inntaka at det vil være nærast urå å kombinere det med vassuttak for å sikre drift av settefiskeanlegg, sjølv med dagens drift.

I ei samla vurdering ser NVE at det kan leggjast vekt på at settefiskanlegget gjennom året vil nytte ein relativt liten del av den samla vassressursen. Planlagt maksimalt vassuttak vil komme opp i ca 40 % av midlare vassføring gjennom året. Planlagt vassforbruk, slik det er skissert i søknaden og i høve til naturleg vassføringsregime i elva, vil likevel bli størst i periodar av året då tilrenninga til vassdraget oftast går ned mot lågvassføring. Slik NVE oppfattar dokumentasjonen som er lagt fram, vil det, sjølv for drift av eksisterande anlegg, vere slik at det etablerte uttaket av grunnvatn vil vere avgjerande viktig i slike periodar. NVE ser også at det kan stillast spørsmål ved om eit stort uttak av grunnvatn i nærområdet til elva kan påverke lågvassføringa i elvane i negativ retning og dermed bidra til tørlegging.

Kommunen har i si fråsegn gått inn for at det blir gjeve løyve til utviding av settefiskanlegget.

Fylkesmannen er skeptisk til utvida vassuttak og har sterkt rådd til at det blir fastsett krav til minstevassføring i begge elvane. Fylkesmannen rår også i frå at det blir gjeve løyve til å halde fram med

fiskesperre slik det er søkt om. NVE vil til dette bemerke at fiskesperrene ikkje har konsesjon etter vassdragslovgivinga i dag.

NVE ser det slik at utan særskilte tiltak for å spare vatn utover det som er skissert i søknaden, m.a. resirkulering, vil planlagt utviding av anlegget ikkje vere forsvarleg. Ei minstevassføring vil etter NVE si vurdering i rimeleg grad kunne være ei akseptabel løysing. Det er likevel eit faktum at vassressursen i periodar med kritisk lita vassføring ikkje vil vere tilstrekkeleg for å sikre både minstevassføringskrav og vatn tilsvarende minimumskrav som er skissert for ein utvida produksjon av settefisk.

Fiskesperre

Tidlegare krav om vasskjelde utan oppgang av anadrom laksefisk, har ført til at det i mange vassdrag er bygd fiskesperrer. Dette har ført til reduksjon av laks- og sjøauførande vassdragsstrekningar med den konsekvens at stadeigne bestandar av laks og sjøaufe har vorte redusert eller i verste fall har døydt ut. I dag er kravet til sikker vasskjelde spesifisert i forskrift om drift av akvakulturanlegg. Både Mattilsynet og Fiskeridirektoratet tillet no at settefiskanlegg kan ha vasskjelde med oppgang av anadrom laksefisk, under føresetnad av at inntaksvatnet vert desinfisert. Gjeldande akvakulturforskrift er slik sett helt i tråd med naturmangfaldlova § 12 om miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar. Vidare ligg det føringar i Naturmangfaldlova § 5 om bevaringsmål for arter som seier at arter og deira økologiske funksjonsområde skal forvaltast slik at artane førekjem i levedyktige bestandar i sitt naturlege utbreiingsområde.

På generelt grunnlag er det NVE si oppfatning at fiskesperrer kan fjernast når det ikkje lenger er formelle krav til at desse skal bestå. Vi har difor i fleire tilfeller satt krav om at desse skal fjernast når dei tidsavgrensa løyva for disse tiltaka går ut. NVE kan ikkje sjå at det er grunn til å fråvike ei slik generell haldning i denne saka. Det er ikkje grunnlag for å gje særskilt løyve til at vassdraget skal vere stengt for oppgang av fisk til heile strekkja der det kan gå opp anadrom fisk.

Oppsummering

NVE legg i vurderinga vekt på at tiltaket vil kunne bidra til å betre grunnlaget for auka produksjon i settefiskanlegget og dermed sikre vidare drift og arbeidsplassar knytt til anlegget. Planlagt auke i vassuttaket og utvida konsesjon til settefiskeanlegget vil nytte ein større del av den samla vassressursen. I periodar med lite tilsig nyttar anlegget ein vesentleg del av tilsiget. Krav om å sikre ei tilstrekkeleg minstevassføring gjennom heile året vil medføre at det i periodar vil bli for lite vatn til å sikre produksjonen som er planlagt gjennom utviding av anlegget og med dei tiltak for å spare vatn som er skissert i søknaden. Skal det sikrast ei minstevassføring som hindrar tørrlegging, må det truleg i slike lågvassperiodar sleppast så mykje vatn forbi inntaka at det vil være nærast urå å kombinere, sjølv med dagens drift av anlegget. NVE meiner at det ikkje er nok tilsig til at selskapet kan auke vassuttaket sitt ytterlegare.

NVE finn ikkje at det er avgjerande grunnar for å halde fram med dei etablerte fiskesperrene og det bør såleis ikkje bli gjeve løyve til vidare stenging for oppgang av anadrom fisk.

Vedtak



NVE meiner at vassressursen i Sleipovassdraget, i einiskilde år og då i kortare eller lengre periodar, ikkje vil vere tilstrekkeleg til å sikre krav om både minstevassføring forbi dei eksisterande vassinntaka og forsvarlege drift ved planlagt utviding av settefiskanlegget innafor ramma av dei vassparande tiltak som er skissert i søknader. NVE finn at skade eller ulemper for allmenne og private interesser ved å utvide vassuttaket frå vassdraget vil vere større enn den nytte tiltaket vil gje slik at kravet i vassressurslova § 25 ikkje er oppfylt. NVE gjev ikkje konsesjon til auka vassuttak i Sleipovassdraget.

Det blir heller ikkje gjeve løyve til å halde vassdraget stengt for oppgang av anadrom fisk. Av omsyn til anadrom fisk gjev NVE pålegg om at fiskesperra skal fjernast innan 30.06.2013, jf vassressurslova § 59.

Klage

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunkt vedtaket er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kap. VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing


Rune Flatby
avdelingsdirektør
Øystein Grundt
seksjonssjef

Kopi.

Vik kommune, Postboks 134, 6891 Vik i Sogn
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2 6863 Leikanger
Fiskeridirektoratet, Postboks 185 Sentrum, 5804 Bergen